



LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

Natås barnehage
Sævråsvegen 250
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6759 - 14/22001

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
29.09.2014

Vedr. søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 43/29 Natås - midlertidige Moelven-brakker for 3 år - til leikeareal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad journaldført 25.09.2014.

Kommunen kan godkjenne mellombelse tiltak i inntil to år, jf. pbl § 20-2 bokstav c). Det er her søkt om «Midlertidig leikerom» «for 3 år» og bygget vert soleis ikkje å sjå på som mellombels etter denne føresegna. Dersom de ynskjer det kan de endre søknaden frå 3 til 2 år slik at vilkåra for mellombelse tiltak vert stetta. De kan eventuelt søke om eit permanent tiltak.

Det er krav om samtykke frå arbeidstilsynet. Vi kan ikkje sjå at samtykke frå arbeidstilsynet er sendt inn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.11.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vert arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Natås barnehage

Sævråsvegen 250 5957

MYKING